

Bakketrimmen 2024 er eit lågterskeltilbod for deg som likar kortare turar i nærmiljøet. Det er postar spreidd rundt i grendene i kommunen. Bakketrimmen 2024 varer frå 08.januar til 15. november.

Til deg som er medlem av Aurland Turlag/DNT: Du betalar ikkje for å delta i Bakketrimmen 2024. Medlemskapet dekkjer deltakaravgifta og klyppekort for den som ynskjer det

Til deg som ikkje er medlem av Aurland Turlag/DNT: Du er velkommen til å delta i Bakketrimmen 2024. Du betalar 50 kr (100 kr for familie) på Vipps til Aurland Turlag. Ynskjer du klyppekort koster eit kort 5 kr, til barn gratis. Send e-post til Aurland.turlag@dnt.no med info om betalinga for Bakketrimmen 2024, skriv namn, og i tillegg alder for dei som er fødd i 2012 eller seinare.

Dei 12 postane er:

- Stølen **Berg** i Aurland. Går opp ved sida av Turlidfossen
- **Dagsturhytta Vinjaåsen**. Merka sti frå Hopen/ Aurland Barne og Ungdomskule
- Oppå **Brekkefossen (Fossen)** i Flåm. Du går forbi Raokjeen. Den kjende utsikten.
- **Halvegs-almen** i oppstigninga til Rimstigen. Bakka
- **Middberg** i Vassbygdi. Sti mot Kvittingane frå vegen til Midje
- **Enne** på veg opp mot Hovdungo i Undredal
- **Middagsholten**. Er eit utsiktspunkt. Går frå Vikesland til sele og til Middagsholten.
- **Hovdungo** i Aurland. Går frå Vikesland
- **Joasete**. Går frå Vikesland.
- **Stokko**. Går frå Underdal
- **Klantadokki, Blåfjell skytebane**. Går frå Volda, Aurlandsvangen eler Høydalen
- **Røyrgrindsvarden (Prest)**. Går frå parkering Bjørge eller brua på Kvammadal.

Reglar:

1. Du må inno 5 av dei 12 postane minst ein gong. Dette gjeld ikkje barn fødd i 2011 eller seinare.
2. Du må ha 25 innsjekkingar til saman på alle postane. Barn fødd i 2012 eller seinare, må ha 10 innsjekkingar.

Registrering: Du registrerer innsjekkinga ved hjelp av appen [UT.no](https://www.ut.no). Appen er gratis og tilgjengeleg i Appstore og Google Play, meir info [her](#). Du må registrera deg før du tek han i bruk. Med appen sjekkar du inn digitalt på turposten med mobiltelefonen din. Dersom du heller ønskjer å ha klippekort, kontakt Kari Johnsen 976 64 401, Unni Grønsberg 93499243 eller Rådhuset i Aurland.

Premie: Alle som har klart målet og betalt deltakaravgift, er med i trekninga av **3 Ambassadørkort 2024 på Flåmsbana** og eit **gåvekort på Huldra Husflid og kunsthåndverk til ein verdi av 1000 kr.** Alle **barna** får kvar sin **kinobillett i Trudvang Kino** og ei **overrasking.** Dei heldige vinnarane vert trekt ut på årsmøtet i november.

Sjå nettsida: [Aurland Turlag - DNT](#)

GOD TUR!

Følg Aurland Turlag på

facebook

